

# St.prp. nr. 26

(2008–2009)

## Om endringer i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 14. november 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med forslag til endringer i statsbudsjettet for 2008 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer vidare greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda og Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) i kapittel 3. I kapittel 4 blir det gitt ein orientering om status i Snøhvit-prosjektet.

### 2 Endringer i statsbudsjettet for 2008

#### **Kap. 1800 Olje- og energidepartementet**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

*Utgifter i samband med kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA*

I samband med kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA har OED engasjert rådgjevarar for å sikre at statens interesser er handsama på ein best mogleg måte i dette arbeidet.

OEDs utgifter omfattar finansielle og juridiske tenester i samband med kjøpet, og kurtasje til dei meklarane som kjøper aksjar for staten.

OED reknar at desse utgiftene i 2008 vil bli på om lag 9,2 mill. kroner. Det vart gitt samtykke til overskriding av løyvinga med inntil 15 mill. kroner

under kap. 1800 Olje- og energidepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter ved kongeleg resolusjon av 27. juni 2008 for å dekkja meklarhonorar og utgifter til fagleg rådgjeving ved statens aksjekjøp i StatoilHydro ASA, jf. Budsjett-innst. S. nr. 9 (2007-2008).

#### *Tilskot til Telemarkskanalen og Haldenkanalen*

Det blir foreslått å omdisponere 4 mill. kroner frå denne posten til museums- og kulturminnetiltak under NVEs budsjett, jf. kap. 1820, post 21. Omdisponeringa gir rom for eit samla tilskot på til saman 4 mill. kroner i 2008 til naudsynt vedlikehald av kulturminna Telemarkskanalen og Haldenkanalen.

#### *Energiutgreiingar og skredførebygging*

Det blir foreslått omdisponert til saman 1,8 mill. kroner frå OEDs utgreiingbudsjett til inndekking av auka utgifter under NVE, jf. omtale under kap. 1820, post 01. Midlane skal dekkje auka kostnader knytt til NVEs arbeid med utredningar innan energiområdet. Vidare skal midlane gå til inndekking av auka utgifter knytt til oppstart og førebuing av ansvaret for skredførebygging frå 1. januar 2009, mellom anna rekruttering, organisatorisk førebuing, kompetanseoppbygging, kurs og informasjonstiltak i regionane.

### *Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

OED har ein samarbeidsavtale med NORAD om bruk av faglege ressursar innan petroleumsrelatert utviklingssamarbeid. Det blir foreslått å redusere gjeldande løyving til dette formålet frå 1 til 0,5 mill. kroner i 2008. Endringa har samanheng med lågare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettert. Utgiftsreduksjonen blir motsvara av ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4800, post 03 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

### *Samandrag*

Samla blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter med netto 2,9 mill. kroner, frå om lag 31,1 til 34 mill. kroner.

## **Kap. 1810 Oljedirektoratet**

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til Oljedirektoratets oppdrags- og samarbeidsverksemd med 43 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2008. Endringa har hovudsakeleg samanheng med høgare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettert knytt til Norad og Diskos. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Det er uvisse knytt til budsjetteringa av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 249,7 mill. kroner.

## **Kap. 1811 StatoilHydro ASA**

### *Post 96 Aksjekjøp*

OED er gjennom handsaminga av St.prp. nr. 1 (2007–2008) gitt fullmakt til å utgiftsføre kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA utan løyving under kap. 1811 StatoilHydro ASA, post 96 Aksjekjøp, jf. Budsjettinnst. S. nr. 9 (2007–2008). Denne fullmakta er tilrådd vidareført i 2009, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009).

OED har fram til medio november kjøpt aksjar for om lag 15 000 mill. kroner. Det er usikkert kor mange aksjar staten vil kjøpe resten av året. Prisen på desse aksjane er også usikker. OED legg utrekningsteknisk til grunn at aksjekjøpet for resten av året svarar til aksjekjøp og pris i perioden august til november. Samla for 2008 kan dette utgjere om lag 18 900 mill. kroner. Dette er ei budsjetteknisk framskriving som ikkje utan vidare er eit uttrykk for kva departementet meiner er sannsynleg pris og mengd aksjar som blir kjøpt.

Det blir foreslått å løyve 18,9 mill. kroner på posten for 2008.

## **Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Posten blir foreslått auka med 1,8 mill. kroner.

I samband med NVEs overtaking av statleg skredansvar frå 2009 har det vore naudsynt for NVE å starte førebuingar til dette allereie i 2008. Mykje av arbeidet blir gjort ved å omprioritere interne ressursar. For å sikre at førebuingane ikkje går monaleg utover andre viktige oppgåver i NVE, blir det foreslått å auke NVEs driftsbudsjett for 2008. Meirutgiftene er i hovudsak knytt til utlysning av nye stillingar til skredførebygging og gjennomføring av kurs- og informasjonstiltak i samarbeid med NGU og NGI for NVEs regionkontor og kommunar.

NVE har for tida gåande ei rad utredningar og prosjekt, mellom anna knytt til ressursgrunnlaget for fornybar energi, konsesjonshandsaming og energiomlegging som inneberer auka utgifter.

Meirutgiftene på til saman 1,8 mill. kroner blir foreslått dekkja inn ved at kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter blir redusert tilsvarende.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

OED har motteke søknad om statlig medfinansiering av naudsynt vedlikehald av dei nasjonale kulturminna Telemarkskanalen og Haldenkanalen. Behovet for rehabilitering av sluser og dammar er stort og det er naudsynt at staten er med på å ta vare på desse unike nasjonale kulturminna. Det blir foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner knytt til naudsynt vedlikehald av kulturminna Telemarkskanalen og Haldenkanalen. Auken blir foreslått dekkja inn ved at kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter blir redusert tilsvarende.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 61,5 mill. kroner.

### *Post 22 Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, kan overførast*

Området Bøle i Skien er eit kvikkleireområde som er klassifisert til å ha høg risiko og eit skred er vurdert å ha særskild alvorlege konsekvensar. NVE har likevel utsett prosjektet fordi det har vore naudsynt å prioritere andre enda meir kritiske prosjekt, mellom anna etter flaumen på Austlandet i 2007. Også i 2009 og store delar av 2010 er kapasitet og budsjettmidlar til sikringstiltak i NVEs Region Sør bunde opp i prosjekt som alt er starta opp og som må av-

sluttast før det er rom for nye prosjekt innan ordinar budsjetttramme.

I 2009 skal Skien kommune starte å sprengje ut ein fjellhall som vil innebere at 75 000 m<sup>3</sup> stein skal fraktast ut. Dersom sikringsprosjektet ved Bøle kan gjennomførast parallelt med arbeidet med å sprengje ut fjellhallen og NVE kan inngå ein avtale om å kjøpe steinen etter kvart som den blir teke ut, reknar NVE at sikringsprosjektet vil kunne gjennomførast med ein innsparing på 5–6 mill. kroner. Det vil innebere ei innsparing på 20 pst. Regjeringa foreslår difor å gje NVE fullmakt til å inngå avtaler for heile prosjektet på inntil 20 mill. kroner i 2008 knytt til denne posten, jf. Forslag til vedtak II. På den måten kan NVE planlegge prosjektet og i tillegg inngå kontrakt om kjøp av steinen i inneverande år. Regjeringa vil komme tilbake når det gjeld budsjettkonsekvensane for 2009.

### Kap. 1833 CO<sub>2</sub>-handtering

#### Testanlegg for CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad

Operatøren for testsenteret for CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad (TCM) har orientert OED og partnerane i TCM om at investeringskostnadene for TCM er estimert til om lag 5 mrd. 2008-kroner (inkludert meirverdiavgift). Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget vedrørende investeringsbeslutningen og budsjettkonsekvensane for 2009 når det gjelder testsenteret på Mongstad.

#### Post 22 CO<sub>2</sub>-handtering, internasjonalt, kan overførast

Ved behandlinga av St.prp. nr. 59 (2007-2008) ble det løyvd 10 mill. kroner under denne posten til oppfølging av internasjonalt CCS-arbeid.

Forutan departementets meirutgifter var det lagt opp til at deler av løyvinga skulle brukast til seminarverksemd og reisekostnader, mellom anna for representantar frå utviklingsland på desse seminara.

Det var også planlagt at deler av løyvinga skulle nyttast i tilknyting til ein CCS-konferanse som var planlagt i 2008 der statsministeren skulle være vertskap. Konferansen er nå utstatt til 2009 og det er difor behov for å overføre midlane til neste år.

På den bakgrunn blir det foreslått at posten tilføres stikkordet «kan overførast», jf. Forslag til vedtak III.

#### Post 70 Administrasjon, Gassnova SF

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2008. Endringa skuldast mellom anna at vekst i talet på tilsette i 2008 er lågare enn tidlegare budsjettert, mindre bruk av innleigde personar og kjøp av eksterne tenester, og lågare reise- og kursutgifter.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 48,5 mill. kroner.

### Kap. 2490 NVE Anlegg

#### Post 24 Driftsresultat

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter blir auka med 6 mill. kroner, frå 47 til 53 mill. kroner. Driftsinntektene er forventast å bli høgare enn tidlegare antatt, mellom anna på grunn av forsering av anlegg som var avhengig av vinterlege forhold, meirinntekter frå eksterne prosjekter og auka arbeidsmengde i Region Sør.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter blir auka med 6 mill. kroner, frå 40,2 til 46,2 mill. kroner. Endringa har samband med auka materialkostnader og innkjøp av eksterne tenester på grunn av auka produksjon.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.4 Renter på statens kapital blir redusert med 0,5 mill. kroner, frå 1,3 til 0,8 mill. kroner. Dette skuldast seinare levering av utstyr enn tidlegare antatt.

Vidare blir uttaket frå reguleringsfondet redusert med 0,5 mill. kroner, frå 1 til 0,5 mill. kroner.

Tabell 2.1 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

| Kap./post/<br>underpost | Nemning                              | Gjeldande<br>overslag | Nytt<br>overslag | Endring |
|-------------------------|--------------------------------------|-----------------------|------------------|---------|
| 2490                    | 24.1 Driftsinntekter .....           | -47 000               | -53 000          | -6 000  |
|                         | 24.2 Driftsutgifter .....            | 40 200                | 46 200           | 6 000   |
|                         | 24.3 Avskrivingar .....              | 5 500                 | 5 500            |         |
|                         | 24.4 Renter av statens kapital ..... | 1 300                 | 800              | -500    |
|                         | 24.5 Investeringsformål .....        | 1 000                 | 1 000            | 0       |
|                         | 24.6 Reguleringsfond .....           | -1 000                | -500             | 500     |
| 24                      | Driftsresultat .....                 | 0                     | 0                | 0       |

Ovannemnde endringer i underpostar medfører inga endring i det stipulerte driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løyving for 2008.

**Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda**

Forslag til nye løyvingar er basert på ein oppdatert prognose for 2008 frå Petoro AS. Det er mellom anna stor uvisse knytt til utviklinga i oljeprisen.

Det blir vist til melding frå StatoilHydro om auka kostnadar på Snøhvit, jf. omtale i kapittel 4. SDØEs del av desse kostnadane i 2008 viser mindre endringer som det er dekning for i nytt forslag til løyving for SDØE.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er samla redusert med 1 300 mill. kroner, frå 23 900 til 22 600 mill. kroner. Det ventas reduserte investeringskostnadar mellom anna på grunn av lågare boreframdrift på fleire felt. Dette blir til dels motverka av større investeringar på Snøhvit med om lag 200 mill. kroner på grunn av dei utfordringane som har vore på feltet.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 29 500 mill. kroner, frå 187 100 til 216 600 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at venta oljepris for 2008 er høgare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett 2008. Gassprisen er og auka.

Det er no lagt til grunn ein gjennomsnittleg olje-

pris på kr 565 per fat for 2008. I revidert budsjett 2008 blei det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på 500 per fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 5 200 mill. kroner, frå 35 200 til 40 400 mill. kroner. Endringa skuldast auka kostnadar ved kjøp av gass for vidaresal både på grunn av auka kjøpspris og auka volum.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 800 mill. kroner, frå 3 300 til 2 500 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak redusert aktivitet som følgje av mangel på tilgjengelege riggar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er redusert med 300 mill. kroner, frå 15 800 til 15 500 mill. kroner. Dette skuldast lågare investeringsoverslag.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er auka med 200 mill. kroner, frå 6 400 til 6 600 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakeleg oppdatering av overslag for statens faste kapital. Overslaget for kalkulatorisk rente for 2008 er basert på ein rentesats på 4,64 pst.

Endringane nemnd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar netto med 25 200 mill. kroner, frå 126 400 til 151 600 mill. kroner.

Kap. 5440, post 50 Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond er budsjetttert til 700 mill. kroner i faktiske utbetalingar i 2008 knytt til skadar og bortfall av inntekt på grunn av stopp i drifta på nokre felt.

Tabell 2.2 Endringer på statsbudsjettet 2008 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

| Kap./post/<br>underpost           | Nemning                                                | Gjeldande<br>løyving <sup>1</sup> | Forslag til<br>ny løyving | Endring |
|-----------------------------------|--------------------------------------------------------|-----------------------------------|---------------------------|---------|
| 2440 30                           | Investeringar .....                                    | 23 900                            | 22 600                    | 1 300   |
| 50                                | Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond ..... | 1 841                             | 1 841                     | 0       |
| Sum kap. 2440 .....               |                                                        | 25 741                            | 24 441                    | 1 300   |
| 5440 24.1                         | Driftsinntekter .....                                  | 187 100                           | 216 600                   | 29 500  |
| 24.2                              | Driftsutgifter .....                                   | -35 200                           | -40 400                   | -5 200  |
| 24.3                              | Leite- og feltutviklingsutgifter .....                 | -3 300                            | -2 500                    | 800     |
| 24.4                              | Avskrivningar .....                                    | -15 800                           | -15 500                   | 300     |
| 24.5                              | Renter av statens kapital .....                        | -6 400                            | -6 600                    | -200    |
| 24                                | Driftsresultat .....                                   | 126 400                           | 151 600                   | 25 200  |
| 30                                | Avskrivningar .....                                    | 15 800                            | 15 500                    | -300    |
| 50 (ny)                           | Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond ..... | 0                                 | 700                       | 700     |
| 80                                | Renter av statens kapital .....                        | 6 400                             | 6 600                     | 200     |
| Sum kap. 5440 .....               |                                                        | 148 600                           | 174 400                   | 25 800  |
| Kontantstraum frå SDØE:           |                                                        |                                   |                           |         |
|                                   | Innbetalningar <sup>2</sup> .....                      | 187 100                           | 217 300                   | 30 200  |
|                                   | Utbetalningar <sup>3</sup> .....                       | 64 241                            | 67 341                    | 3 100   |
| Nettokontantstraum frå SDØE ..... |                                                        | 122 859                           | 149 959                   | 27 100  |

<sup>1</sup> Gjeldande løyving for 2008 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 7. desember 2007 og seinare endringer i 2008 (revidert budsjett), jf. St.prp. nr. 59 og Innst. S. nr. 270 (2007–2008).

<sup>2</sup> Innbetalningar = driftsinntekter + overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond.

<sup>3</sup> Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar + overføring til Statens petroleumsforsikringsfond.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE blir auka med 27 100 mill. kroner, frå 122 859 til 149 959 mill. kroner.

#### Kap. 4800 Olje- og energidepartementet

##### Post 03 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2008, jf. omtale og tilsvarende reduksjon under kap. 1800, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 0,5 mill. kroner.

##### Post 70 Garanti provisjon, Gassco

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,3 mill. kroner, frå 1,8 til 1,5 mill. kroner. Endringa har samanheng med at forsikringspremien på Gassco sin ordinære ansvarsforsikring for 2008 er venta å bli lågare enn tidlegare estimert.

#### Kap. 4810 Oljedirektoratet

##### Post 01 Gebyrinntekter

I samband med TFO 2008 (tildeling i forhandsdefinerte områder) og 20. konsesjonsrunde antar OD at det vil vere stor søkarinteresse. Dette vil medføre auka gebyrinntekter i 2008 som følgje av at søknadsfristen er i 2008 og gebyret innbetalast i 2008. Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2008. Gebyrinntekterne skal dekkje ODs utgifter i samband med handsaming av søknadane. OD vil få vesentlig auka arbeidsbelastning i samband med handsaming av søknadane, inkludert behov for ekstern hjelp. Arbeidet med TFO 2008 og 20. konsesjonsrunde vil i hovudsak skje mot slutten av 2008 og første halvår 2009. Løyvinga for 2009 under kap. 1810, post 01 Driftsutgifter vil bli foreslått auka med 5 mill. kroner i revidert budsjett til våren for å dekkje OD sine auka utgifter knytt til handsaminga.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 21 mill. kroner.

### *Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 43 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2008, jf. omtale og tilsvarende auking under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 79,5 mill. kroner.

## **Kap. 5490 NVE Anlegg**

### *Post 01 Sal av utstyr mv.*

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,5 mill. kroner, frå 1 til 0,5 mill. kroner. Endringa har samanheng med reduserte inntekter frå sal av utstyr.

## **Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet**

### *Post 70 Bidrag til kulturminnevern*

Løyvinga blir foreslått redusert med 6,6 mill. kroner, frå 15,7 til 9,1 mill. kroner. Justeringa skjer som følgje av færre ferdigbehandla revisjons- og fornyingssaker i løpet av 2008 enn venta då budsjettet for året blei sett opp.

## **3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda og SDØE**

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gjev Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytt til petroleumsverksemda og SDØE, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2007–2008).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av slike fullmakter i 2008.

### **3.1 Fullmakt XI – Utbyggingsprosjekter på norsk kontinentalsokkel**

Fullmakt for forenkla handsaming frå styresmakterne si side har blitt nytta ved tre høve i 2008:

#### *KEP 2010*

Departementet mottok 31. oktober 2007 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift av KEP 2010. KEP 2010 er fleire prioriterte prosjekt som har som formål å gjera anlegga på Kårstø meir robuste. Eigardelen til SDØE er 32,892 pst. Petoro AS er forvaltar av SDØE-eigardelen og er rettshavar på vegne av staten.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 6,3 mrd. 2007-kroner.

Plan for anlegg og drift for KEP 2010 vart vedteken ved kongeleg resolusjon 14. mars 2008.

#### *Morvin*

Departementet mottok 19. februar 2008 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Morvin. Morvin er planlagt som ei undervassutbygging kopla opp mot Åsgard B. Produksjonen er planlagt å ta til i 2010. Rettshavarane i Morvin er StatoilHydro ASA (operatør), Eni Noreg AS og Total E&P Noreg AS. SDØE har ikkje eigardelar i Morvin.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 8,7 mrd. 2008-kroner.

Plan for utbygging og drift for Morvin vart vedteken ved kongeleg resolusjon 25. april 2008.

#### *Yttergryta*

Departementet mottok 18. januar 2008 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Yttergryta. Yttergryta er planlagt som ei undervassutbygging kopla opp mot Åsgard B. Eigardelen til SDØE er 19,95 pst. Rettshavarane i Yttergryta er StatoilHydro ASA (operatør), Eni Noreg AS, Total E&P Noreg AS og Petoro AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-eigardelen og rettshavar på vegne av staten.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 1,2 mrd. 2008-kroner.

Plan for utbygging og drift for Yttergryta vart vedteken ved kongeleg resolusjon 23. mai 2008. Produksjonen tok til 1. november 2008.

### **3.2 Fullmakt XIV nr. 2 – Forenkla samordning av eigardelar i utvinningsløyve**

Fullmakt knytt til overdraging og samordning av eigardelar i utvinningsløyve vart nytta ved eit høve i 2008:

#### *Yttergryta*

Yttergryta ligg i hovudsak i utvinningsløyve 062. Rettshavarane i utvinningsløyve 062 er StatoilHydro 45,75 pst., Total 24,5 pst., Petoro 19,95 pst. og ENI 9,8 pst. Funnet har flankar som strekk seg inn i både utvinningsløyve 062 (Åsgard Unit) og utvinningsløyve 263. Rettshavarane i utvinningsløyve 263 er StatoilHydro 70 pst. og Bayerngas 30 pst.

I samband med utbygginga av Yttergryta inngjekk rettshavarane ein avtale om forenkla samordning for den del av førekomsten som strekkjer seg inn i utvinningsløyve 263 ved at det blei gjort ein

«carve-out» av flankereservane lokalisert i utvinningsløyve 263 og sal til rettshavarane i utvinningsløyve 062. Ein annan avtale inneber at rettshavarane i utvinningsløyve 062 skal ha rett til å produsere den delen av førekomsten som ligg i utvinningsløyve 062 (Åsgard Unit) mot ei forskotsvis betaling av ein eingongssum.

For SDØE innebar avtalen om forenkla samordning eit kjøp av ein 19,95 pst. del av PL 263 carve-out område, som svara til eigardelen i PL 062. Som vederlag betalte staten kr 1 496 250 til partane i utvinningsløyve 263. Avtalen om retten til å produsere innebar eit vederlag til staten på kr 944 400. Netto betalte staten difor kr 551 850.

Olje- og energidepartementet godkjende 14. desember 2007 at eigardelen til SDØE inngjekk i ei slik forenkla samordning av utvinningsløyva 062 og 263.

#### 4 Orientering om status i Snøhvit-prosjektet

Olje- og energidepartementet har ved fleire høve orientert Stortinget om situasjonen på Snøhvit og auking i kostnadene på feltet.

Kostnadane på Snøhvit blei mellom anna tatt opp i St.prp. nr. 65 (2002–2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003, St.prp. nr. 1 (2003–2004), St.prp. nr. 65 (2004–2005) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005, St.prp. nr. 1 (2005–2006), St.prp. nr. 1 (2006–2007), St.prp. nr. 69 (2006–2007) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2007 og St.prp. nr. 1 (2007–2008).

I St.prp. nr. 59 (2007–2008) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008, ble det gitt ei utgreiing om problema på anlegget. Det blei varsla at problema på feltet ville få konsekvensar for kostnadene, og at ein vil få ei oppdatert framstilling over kostnadene frå operatøren hausten 2008.

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) blei det ikkje gitt ei oppdatering av investeringsoverslaget for Snøhvit. Dette skuldast at StatoilHydro ASA arbeidde med ei investeringsavgjerd for utbetringane som måtte gjerast for å bringe anlegget opp til full kapasitet. Departementet lovde på eigna måte å komme tilbake til Stortinget med ei utgreiing om kostnadsutviklinga for prosjektet.

StatoilHydro informerte departementet 15. oktober 2008 om dei oppdaterte investeringsanslaga. Det er to delar av Snøhvit-prosjektet: Fase 1 er det som vart vedteke i 2001 med eit budsjett på om lag

25 mrd. kroner. Det er denne delen av Snøhvit-prosjektet som no er ferdig. Kostnadene for Snøhvit fase 1 er på om lag 48 mrd. kroner, 3 mrd. kroner meir enn forventa i 2005 og nesten det doble samanlikna med budsjettet da saka vart fremma for Stortinget i 2001. Andre del er det som nemnas Snøhvit fase 2–4. Det er den delen av prosjektet som skal gjennomførast frå 2015 til 2032. Det er i desse prosjekta, som ikkje er endeleg vedtekne, at dei store aukingane i kostnadsanslaga er komne i år. Kostnadene for fase 2–4 i prosjektet er berekna til om lag 21 mrd. kroner, 7,5 mrd. kroner meir enn forventa i 2005. Fordi prosjekta ikkje er vedtekne og dei har et stort tidspenn er det knytte stor uvisse til dette talet.

I tillegg kjem kostnadene for det såkalla «Snøhvit forbedringsprosjekt» som skal identifisere moglege tiltak for å betre yteevna til anlegget, til mellom 2,5–5,5 mrd. kroner, avhengig av tiltaka ein vedtar å gjennomføre.

Departementet har tatt opp saka med operatøren. Det er viktig at styresmaktene er orienterte om kostnadsutviklinga og om den vidare drifta av feltet. På møte med StatoilHydro den 24. oktober 2008 spurte departementet selskapet om ei skriftleg utgreiing om Snøhvit-prosjektet og dei auka kostnadane. StatoilHydro ga denne utgreiinga i brev av 6. november 2008 og den følger under:

##### *«Snøhvit utbyggingen – fase 1*

Plan for utbygging og drift (PUD) og plan for anlegg og drift (PAD) av Snøhvit ble godkjent av Stortinget i mars 2002. Snøhvitprosjektet er delt i fire faser. Fase 1 omfatter utbygging av undervannsanlegg, innretninger for rørtransport til land og LNG-anlegget på Melkøya. Denne fasen er nå gjennomført. Feltet startet produksjonen 21. august 2007.

Arbeidet med Snøhvit Fase 1 har vært mer tids- og kostnadskrevende enn forutsatt ved godkjennelsen av PUD og PAD. De endelige utbyggingskostnadene for Snøhvit fase 1 er 48,1 milliarder kroner. Dette utgjør en økning på 3 milliarder kroner sammenlignet med de kostnadene som ble lagt til grunn da kostnadsrammene ble oppjustert i september 2005.

I 2005 ble det foretatt en gjennomgang av årsakene til kostnadsøkninger og forsinkelser på Snøhvit fase 1 sammenholdt med det som lå til grunn i planene for utbyggingen. Prosjektet var ikke tilstrekkelig modnet da investeringsbeslutningen ble tatt i 2002. Etter investeringsbeslutningen ble det besluttet en rekke endringer i designgrunnlaget, og prosjekteringen og byggingen av anlegget tok lengre tid enn beregnet. LNG-anlegget på Melkøya er til dels basert på bruk av ny teknologi, noe som innebar en risiko

for forsinkelser, økte kostnader og oppfyllelse av funksjonskrav.

Det ble iverksatt tiltak for å sikre en effektiv ferdigstilling av prosjektet. I forbindelse med ferdigstillingen av prosjektet ble det overført en større mengde arbeid til Melkøya som opprinnelig var planlagt utført hos hovedleverandørene. Dette medførte økte kostnader og ytterligere forsinkelse av oppstarten av LNG-anlegget.

Produksjonsanleggene og rørledningene til havs ble gjennomført i henhold til opprinnelig tidsplan og innenfor beregnede kostnader.

#### *Erfaringer fra utbyggingen av Snøhvit fase 1*

StatoilHydro og de øvrige partnerne i Snøhvit har i ettertid gjennomgått utbyggingsprosjektet, og trukket lærdom av erfaringen på flere punkter.

En gjennomgang av Snøhvitutbyggingen, synliggjør betydningen av grundig definisjon og planlegging av prosjekter. Ved valg av fleksibilitet i prosjektgjennomføringsfasen, må konsekvensene for gjennomføringen kartlegges med tilhørende kost-/nyttevurderinger. Leverandørmarkedets evne til å levere valgte løsninger innenfor estimerte rammer for kostnader og tidsplan må vurderes. For å sikre fremdrift i tråd med planene kreves en tett oppfølging av leverandører, og eget personell bør brukes i nøkkelstillinger, særlig innen området kvalitetskontroll.

Tilkomst og logistikk på området for anlegget må tas i betraktning ved beslutninger av hvilke deler av arbeidet som skal gjennomføres på anleggsplassen og hvilke deler av arbeidet som skal gjennomføres hos leverandører.

Olje- og gassindustrien har generelt utfordringer ved bygging av større LNG-anlegg. Slike utbygginger er teknisk sammensatte og kompliserte. Gjennomsnittlig er LNG-prosjekter fem måneder forsinket, oppstartsperioden regnes å ta ett år, og det tar i snitt tre måneder å nå 80 pst. av designkapasiteten for slike anlegg<sup>1</sup>. I tillegg til de generelle utfordringene industrien står overfor i bygging av LNG-anlegg, har Snøhvitutbyggingen vært basert på utstrakt bruk av nye tekniske løsninger.

#### *Snøhvit – status november 2008*

Snøhvit anlegget er i dag i drift og produserer om lag 470 tonn LNG per time. Designkapasiteten for anlegget er 540 tonn LNG per time. I løpet av 2008 har anlegget vært nedstengt i to perioder for planlagt oppgradering og utskifting av utstyr. Disse oppgraderingene har bedret regulariteten av og økt kapasiteten til anlegget.

Rammevilkårene for driften av LNG-anlegget bør fortsatt tilpasses de utfordringer Snøhvitteierne står overfor i arbeidet med å oppnå planlagt kapasitet og regularitet.

#### *Snøhvit Forbedringsprosjekt (Snøhvit improvement project)*

I løpet av det første driftsåret har regulariteten og kapasiteten til Snøhvit anlegget vært henholdsvis noe ustabil og redusert. Det er derfor etablert et prosjekt for identifisering av mulige tiltak for bringe anleggets yteevne til den opprinnelige planlagte kapasiteten og sikre en mer stabil drift. Anbefalinger fra dette prosjektet vil legges frem i 2009 og eventuelle beslutninger om ytterligere forbedringer vil bli tatt på det grunnlaget. Avhengig av hvilke tiltak som blir besluttet gjennomført er kostnadene for prosjektet foreløpig estimert til å utgjøre fra 2,5 til 5,5 milliarder kroner.

#### *Snøhvit fase 2-4*

Investeringsestimatet for utbyggingen av Snøhvit fase 2-4 er oppjustert. Disse fasene er planlagt gjennomført i perioden 2015 til 2032, og vil inkludere boring av brønner og nye innretninger for produksjon og transport. Samlet anslag for investeringene for gjennomføringen av disse fasene er 20,8 milliarder kroner. Dette utgjør en økning på 7,5 milliarder kroner sammenholdt med det estimatet som ble presentert i 2005.

Endringene av estimatet skyldes kostnadsøkning for boring, komplettering og installasjoner sammenlignet med estimer gitt i 2005. Dette inkluderer økte estimer for antall riggdøgn og generell kostnadsøkning for utstyr og øvrige innsatsfaktorer.

Det er ikke foretatt endelig konseptvalg for utbyggingsløsningene for fase 2–4. Kontrakter for dette arbeidet er ikke inngått. Det nye estimatet er basert på dagens markedssituasjon. Det er således knyttet stor usikkerhet til dette kostnadsestimatet.»

Som ein ser av StatoilHydros brev, er det fleire årsaker til at Snøhvit-prosjektet er blitt så mykje dyrare enn slik det vart framstilt i St.prp. nr. 35 (2001–2002) Utbygging, anlegg og drift av Snøhvit LNG.

I tillegg til kostnadene fekk ein også større problem i innkjøringsfasen enn kva som er vanleg. Det ga lågare regularitet og fleire nedstengingar, og av tekniske grunner var det naudsynt med mykje brenning av gass. Snøhvit opererer no innafor utslippsløyve for normal drift.

Da prosjektet vart vedteke, var det bekymringar knytte til det teknologisk vanskelege og dermed risikofylte bygging av anlegga til havs på stort dyp,

<sup>1</sup> CERA Advisory Service, Monthly Briefing March 19, 2008



og ilandføringa i røyr over lang avstand i kaldt vatn. Anlegga på land kunne fortona seg meir oversiktlige sjølv om løysingane var ukonvensjonelle og ein alternativ prosess vart valt og ein måtte velje ukonvensjonelle løysingar for byggeprosessen på grunn av dei klimatiske og geografiske forholda. Det vi har erfart er at anlegga på havbotnen og strekket til land har vore vellukka. Både kostnadene og tidsbruken er i samsvar med planane. Mens den delen som er på land har både hatt store kostnadsaukar og det har tatt lengre tid enn ein la til grunn i planen.

Prosjektet på land fekk tidleg problem, og denne dårlege starten har ein hatt med seg gjennom prosjektet. Ein må erkjenne at for Snøhvit-prosjektet er ein del av årsaka knytte til val av løysing for LNG-anlegget, val av kontraktørar og at staden der anlegget er bygd har klimatiske og geografiske tilhøve som gjer det vanskelegare å bygge der enn mange andre plasser der LNG anlegg er bygd før.

Det er klart at ansvaret for denne utbygginga ligger – og skal ligge – hos operatøren som er StatoilHydro, og hos dei andre rettshavarane, Total, Gaz de France, RWE-Dea, Hess og Petoro. Men resultatata påverkar staten si inntekt ved at dei auka kostnadene vil føre til lågare skatteinntekter. Dessutan investerer staten direkte gjennom Petoro.

Men sjølv om staten må bære dei store kostnadene, er ansvaret hos rettshavarane. Slik systemet er lagt opp, har selskapa insentiv for å bygge ferdig i rett tid og i samsvar med dei kostnader dei la til grunn. Forseinkingar og kostnadsaukar går like mykje ut over selskapa sine inntekter som det gjer det for staten. Dessutan skader det rettshavarane sitt omdøme at prosjektet har hatt slike kostnadsaukar og forseinkingar.

Snøhvit-utbygginga har vore ei særst vanskeleg oppgåve som har krevd stor innsats frå mange involverte. No er fase 1 av Snøhvit-prosjektet avslutta. Selskapa vil framleis arbeide med fleire tiltak for å betre yteevna til anlegget og med å optimalisere den vidare utbygginga av Snøhvit.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Olje- og energidepartementet.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 m.m. under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2008 m.m. under Olje- og energidepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endringer:

#### Utgifter:

| Kap.    | Post | Formål                                                                                                        | Kroner         |
|---------|------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|
| 1800    |      | Olje- og energidepartementet                                                                                  |                |
|         | 21   | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med .....<br>frå kr 31 136 000 til kr 34 036 000   | 2 900 000      |
| 1810    |      | Oljedirektoratet                                                                                              |                |
|         | 21   | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med .....<br>frå kr 206 700 000 til kr 249 700 000 | 43 000 000     |
| 1811    |      | StatoilHydro ASA                                                                                              |                |
| (NY) 96 |      | Akjsekjøp, blir løyvd med .....                                                                               | 18 900 000 000 |
| 1820    |      | Noregs vassdrags- og energidirektorat                                                                         |                |
|         | 01   | Driftsutgifter, blir auka med .....<br>frå kr 313 900 000 til kr 315 700 000                                  | 1 800 000      |
|         | 21   | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med .....<br>frå kr 57 500 000 til kr 61 500 000   | 4 000 000      |
| 1833    |      | CO <sub>2</sub> -handtering                                                                                   |                |
|         | 70   | Administrasjon, Gassnova SF, blir redusert med .....<br>frå kr 58 500 000 til kr 48 500 000                   | 10 000 000     |
| 2440    |      | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda                                                  |                |
|         | 30   | Investeringar, blir redusert med .....<br>frå kr 23 900 000 000 til kr 22 600 000 000                         | 1 300 000 000  |
| 2490    |      | NVE Anlegg                                                                                                    |                |
|         | 24   | Driftsresultat .....                                                                                          | 0              |
|         |      | Spesifikasjon:                                                                                                |                |
|         |      | Driftsinntekter .....                                                                                         | -53 000 000    |
|         |      | Driftsutgifter .....                                                                                          | 46 200 000     |
|         |      | Avskrivningar .....                                                                                           | 5 500 000      |
|         |      | Renter av statens kapital .....                                                                               | 800 000        |
|         |      | Inveseringsformål .....                                                                                       | 1 000 000      |
|         |      | Reguleringsfond .....                                                                                         | -500 000       |
|         |      |                                                                                                               | 0              |

## Inntekter:

| Kap. | Post | Formål                                                                                      | Kroner          |
|------|------|---------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|
| 4800 |      | Olje- og energidepartementet                                                                |                 |
|      | 03   | Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir redusert med .....<br>frå kr 1 000 000 til kr 500 000 | 500 000         |
|      | 70   | Garantiprovisjon, Gassco, blir redusert med .....<br>frå kr 1 800 000 til kr 1 500 000      | 300 000         |
| 4810 |      | Oljedirektoratet                                                                            |                 |
|      | 01   | Gebyrinntekter, blir auka med .....<br>frå kr 16 000 000 til kr 21 000 000                  | 5 000 000       |
|      | 02   | Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med .....<br>frå kr 36 500 000 til kr 79 500 000 | 43 000 000      |
| 5440 |      | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda                                |                 |
|      | 24   | Driftsresultat, blir auka med .....<br>frå kr 126 400 000 000 til kr 151 600 000 000        | 25 200 000 000  |
|      |      | Spesifikasjon:                                                                              |                 |
|      |      | Driftsinntekter .....                                                                       | 216 600 000 000 |
|      |      | Driftsutgifter .....                                                                        | -40 400 000 000 |
|      |      | Leite- og feltutviklingsutgifter .....                                                      | -2 500 000 000  |
|      |      | Avskrivningar .....                                                                         | -15 500 000 000 |
|      |      | Renter av statens kapital .....                                                             | -6 600 000 000  |
|      |      |                                                                                             | 151 600 000 000 |
|      | 30   | Avskrivningar, blir redusert med .....<br>frå kr 15 800 000 000 til kr 15 500 000 000       | 300 000 000     |
| (NY) | 50   | Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond, blir løyvd med .....                      | 700 000 000     |
|      | 80   | Renter av statens kapital, blir auka med .....<br>frå kr 6 400 000 000 til kr 6 600 000 000 | 200 000 000     |
| 5490 |      | NVE Anlegg                                                                                  |                 |
|      | 01   | Sal av utstyr mv., blir redusert med .....<br>frå kr 1 000 000 til kr 500 000               | 500 000         |
| 5582 |      | Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet                                           |                 |
|      | 70   | Bidrag til kulturminnevern, blir redusert med .....<br>frå kr 15 700 000 til kr 9 100 000   | 6 600 000       |

## II

## Fullmakt til å binde seg utover gitt løyving

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet i 2008 kan binde seg utover gitt løyving innanfor følgjande sum:

| Kap. | Post | Formål                                    | Samla ramme       |
|------|------|-------------------------------------------|-------------------|
| 1820 |      | Noregs vassdrags- og energidirektorat     |                   |
|      | 22   | Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag ..... | 20,0 mill. kroner |

## III

Kap. 1833 CO<sub>2</sub>-handtering, post 22 CO<sub>2</sub>-handtering, internasjonalt, tilføyast stikkordet «kan overførast».



Trykk: A/S O. Fredr. Anesen, November 2008